

**Fem verksemder mot skulenedleggjing**

07.05.2009

**Nær 60 verksemder i Kvinnherad har underteikna eit opprop mot dei føreslegne endringane i skulestrukturen. Dei protesterar på det sterkaste mot nedleggjinga av skulane i Ølve, Skarveland og Bringedalsbygda og på litt lenger sikt Omvikdalen. Fem av verksemdene er heimehørande i Uskedalen.**

Det er AFA, Uskedal Trelastlager, Auto 88, Eidsvik Skipsbyggeri og Zjakk frisørsalong.

Verksemdene meiner at skulestrukturutvalet sitt arbeid er mangelfullt.

Dei uttaler at rapporten frå utvalet ikkje gjev grunnlag for å vurdera nedleggjing fordi sentrale tilhøve kring samfunn og utvikling ikkje er belyst og fordi det ikkje er vist vesentlege innsparingar totalt sett.

- Det er trist å registrera at innbyggjarane og bygdene skal måtta kjempa ein årviss kamp mot kommuneleiing og våre eigne folkevalde for å behalda skulane og alle dei aktivitetane som er knytt til ein skule, heiter det i oppropet.

Det peikar på at levande bygder og skular er eit av dei viktigaste lokale rammevilkåra for tilflytting og arbeidskraft i kommunen.